



Det gode livet i Fjord

Strategi for kultur
2025 - 2028



Fjord kommune

Strategien kort fortalt

Strategien er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Føremålet med strategien er å sette retning for utviklinga av kulturen i Fjord kommune. Kulturlivet er ein viktig faktor i den lokale samfunnsutviklinga, og strategien skal både synleggjere og forankre kulturen si rolle.

Kulturfeltet er tufta på samspel. Kommunen har ansvar for lovpålagde tenester som til dømes bibliotek og kulturskule. For å skape eit variert kulturliv må kommunen spele på lag med andre aktørar, både frivillige og lokalt næringsliv. Fjord har profesjonelle kulturaktørar, men ein stor del av kulturlivet i kommunen blir skapt av frivillige. For at heilskapen skal bli god, må alle aktørar bli tatt på alvor – og oppleve seg som like viktige.

Kulturarven er ein viktig del av kulturområdet, men er ikkje omtalt som eige område i denne strategien. Fjord har ein eigen kulturmiljøplan der immateriell kulturarv vil bli implementert ved revidering.

Strategien beskriv dei områda vi vil satse på for å møte utfordringane i planperiode 2024 – 2028. Den skal sikre at kommunestyret sine føringar for samfunnsutviklinga vert sett om til handling. I tillegg skal strategien støtte andre kulturaktørar si utvikling og utforske nye samskappingsformer.

Gode vekstvilkår

- livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig



Hovudmål i samfunnsdelen

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Nasjonale føringar peikar på at kultur er viktig bidragsytar i samfunnsutviklinga

[Kulturlova](#) peikar på kommunale oppgåver:

§ 4 - Kommunen skal syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremmer og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemdar

§ 5 – Kommunen skal syte for

- At kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- Å fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og legge til rette for deltaking i kulturaktivitetar
- At personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak

[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#) er ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024. Satsingsområde i fylkesstrategien er:

- UNG kunst og kultur
- Profesjonell kunst- og kulturformidling
- Den profesjonelle kunstnaren
- Arkiv, bibliotek og museum
- Frivillig sektor
- Arenaer for idrett, kultur og frivillig aktivitet

[Lov om folkebibliotek \(folkebibliotekloven\)](#) seier følgande:

Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

[Lov om folkehelsearbeid \(folkehelseloven\)](#) § 4 seier mellom anna dette om kommunen sitt ansvar:

- Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.
- Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel kommunen er tillagt, som lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.
- Kommunen skal medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretatt av andre myndigheiter og verksemdar. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, fråsegn, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor.

Nasjonale føringar og sentrale stortingsmeldingar

[Lov om kulturminner \(kulturminneloven\)](#) har som formål at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursar som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.

[Lov om friluftslivet \(friluftsloven\)](#)

[Opplæringslova](#) skal legge til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.

I Formålet med opplæringa (§1.3) står det mellom anna:

- Opplæringa skal utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og den felles internasjonale kulturtradisjonen.
- Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den enkelte si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkemåte.

[Rammeplan for kulturskulen](#)

[Meld. St. 8 \(2018–2019\) Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida](#)

[Meld. St. 10 \(2018-2019\) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig](#)


[Meld. St. 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga — Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar](#)

[Meld. St. 18 \(2020–2021\) Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge](#)

[Meld. St. 23 \(2020-2021\) Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid](#)

[Meld. St. 24 \(2022–2023\) Fellesskap og meistring — Bu trygt heime](#)

Kva er kultur?



Kulturfeltet inneheld viktige ressursar for å møte utfordringar i framtida.

Figuren til venstre viser ansvar og samspel for mangfaldet innan kulturtiltak.

Kultur formar lokalsamfunn

Kultur er identitet og omdømme

Kulturlivet er viktig for samfunnsutviklinga, identitet og omdømme for Fjord kommune. Vi har eit variert kulturliv som gjer kommunen til ein god stad å bu i og å besøke.

Kultur formar oss


Kultur er med på å gjere oss til den vi er. Hovudmål 1 i samfunnsdelen «Vidareutvikle det gode livet» viser kva vi saman ønskjer å skape i kommunen, og rommar mykje. Delmålet «Fjord kommune har eit variert kulturliv» peikar på fleire utviklingsområde. Dette støttar også opp under krav i Folkehelseslova om at kommunen skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse.

Heile menneske - heile livet

For å skape «heile menneske» er det viktig at alle kan utforske og utfalde seg innanfor ulike kulturuttrykk gjennom heile livet – det vi kallar «det kulturelle livsløpet»

Kultur er grunnmuren

Ein sterk kulturell grunnmur, og god tilrettelegging for eit kulturelt livsløp vil også kunne gi synergjar på andre område.



Mål

Fjord kommune skal ha eit variert kulturtilbod der alle er inkludert og kan delta heile livet



Strategien bygg på samfunnsdelen:

Hovudmål 1 – vidareutvikle det gode livet

Hovudmål 4 – ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Grunnlaget for strategien

Kultur skal bidra til å skape gode kvardagsliv

Føremålet med strategien er å sette retning for utviklinga av kulturen i Fjord kommune dei komande åra. Strategien skal synleggjere satsingsområda, og prioritere tiltak som må til for å nå målsettingane i samfunnsdelen. Strategien dekker ikkje heile kulturområdet, men løftar fram dei viktigaste satsingsområda dei komande åra.

Fjord er ein langstrakt kommune med spreidd befolkning, og mange lag og organisasjonar som legg ned ein stor innsats i bygdene. Det er ein mangfaldig kultursektor, og utfordringsbildet er difor samansett. Overordna ser vi at økonomiske vilkår og vilje til å satse på kultur er avgjerande for kor sterkt kulturlivet står.

Samfunnsutviklinga tyder på at kultur blir mindre tilgjengeleg for delar av befolkninga av ulike årsaker, mellom anna skyss og økonomi. Det er viktig at strategien skisserer løysingar på korleis vi kan motverke dette.

Fjord kommune står i ein krevjande situasjon som krev endringar i måten vi tenker på. Vi får færre barn, det vert færre vaksne i yrkesaktiv alder og fleire eldre. Bevisst satsing på kultur vil vere ein viktig strategi framover for at kommunen skal vere attraktiv for dei som bur her, og dei som flyttar hit.



Utfordringsbildet

Kulturtilbodet

Innbygarane i Fjord som er over 18 år meiner at idrettstilbodet (idrettshall, symjehall, treningssenter, dansekurs, ski/lys, løyper etc.) er lettare tilgjengelege enn kino, bibliotek, kulturhus, konsertar og teater. Det er eit mindretal som opplever kulturtilbodet som lett tilgjengeleg. Når det gjeld idrett så er det over dobbelt så mange som meiner tilbodet er bra. Ungdataundersøkinga viser at kulturtilbodet skårar lågt også hos dei unge, berre ein av fire synest at tilbodet er bra nok. Det er eit variert kulturtilbod i kommunen, men det kan ikkje samanliknast med ein større kommune som naturleg nok vil har eit breiare kulturtilbod.

Fornøgde med lokalmiljøet/trivsel

Av innbygarane over 18 år er det over halvparten som oppgir at dei trivst i nærmiljøet sitt, og berre nokre få som trivst i liten grad. Eit stort fleirtal av dei unge er generelt nøgd med lokalmiljøet og opplever det som trygt å ferdast ute. Dette er positive signal å ta med seg i det vidare med samfunnsutvikling. Trivsel og trygge lokalsamfunn er eit viktig grunnlag for eit godt liv.

Deltaking på faste aktivitetar

24 prosent av dei vaksne deltek på faste aktivitetar kvar veke, nokre fleire deltek i meir uformelle aktivitetar. Dette viser at vi bør legge til rette for fleire uformelle møteplassar. Prosentdel ungdom som deltek på faste aktivitetar ligg på 55-70 prosent. Idrett og ungdomsklubb er størst. Det er vanleg at dette talet er høgare for barn og ungdom enn for vaksne. Vi veit at slike fellesskap er viktige bidrag til trivsel og for å kjenne at du høyrer til i lokalsamfunnet.

Utfordringsbildet

Kollektivtilbodet

Offentleg transport blinkar raudt, berre 11 prosent av dei vaksne er nøgd med tilbodet. For Møre og Romsdal fylke er dette talet 41 prosent. Kollektivtilbodet skårar lågt også blant dei unge i Fjord, og dei har i fleire samanhengar etterlyst betre tilbod både mellom bygdene og ut av kommunen. Eit godt skysstilbod mellom bygdelaga kan vere med på å skape gode lokalsamfunn og utvikle kjennskap og vennskap mellom innbyggjarane og hindre sosial ulikskap.


Sosial ulikskap - låginntekt

1 av 10 innbyggjarar i Fjord bur i heimar med vedvarande låginntekt. Dette gjeld alle aldersgrupper, og tala om lag som landsgjennomsnittet. Talet på personar over 45 år som leiger bustad er signifikant høgare i Fjord enn lands- og fylkesnivået. Talet på unge 15-29 år som står utanfor arbeid, utdanning og opplæring er litt lågare enn snittet for fylket og landet. Det er likevel ei stor gruppe som bør ha fokus i kulturtilbodet gjennom til dømes fritidskassa.

Aldersvenleg samfunn

Fleire eldre – lengre liv. Fjord ligg høgare enn fylket og landet i talet på eldre over 65 år. Det er eit tverrsektorielt ansvar å legge til rette for eit aldersvenleg samfunn med eit variert tilbod av aktivitetar for eldre. Gode møteplassar og tilpassa skysstilbod er ein del av dette.

Satsingsområde



Strategiske grep

Vi skaper i lag

Vi skal

- Ha fokus på samskaping gjennom faste møtepunkt og dialog med andre tenester, frivillige og næringslivet
- Skape aktivitetar på tvers av generasjonar, tilpassa ulike behov, inkludert fysiske, psykiske og sosiale utfordringar
- Ha fokus på friluftsliv og tilrettelegging for bruk av naturen for ulike grupper, med mål om at fleire brukar naturen til rekreasjon og som læringsarena
- Stimulere og støtte opp om kulturbasert næringsutvikling
- Skape gode rammer og systematikk for frivilligheita
- Utvikle handlingsplanar for kulturtiltak i dei ulike tenestene

Vi utviklar tiltak gjennom bruk av eksisterande fakta, undersøkingar og forskning. Gjennom evaluering av eigen praksis kan vi vidareutvikle og skape nye aktivitetar og tilbod.

Det er viktig å avklare roller, forventningar og oppgåvefordeling mellom tenesteområda og andre samarbeidspartar.

Aktivitetar og tilbod må formidlast i ulike kommunikasjonskanaler for å nå ut til alle grupper i samfunnet. Frivilligforum vil vere sentralt i samarbeidet mellom det offentlege og frivillige.

Strategiske grep

Vi vidareutviklar gode møteplassar

Vi skal

- Vidareutvikle møteplassar som ungdomsklubbane og idrettshallane der barn og unge kan delta i ulike aktivitetar
- Vidareutvikle opne møteplassar som bibliotek og frivilligsentralar
- Tilby aktivitetar som er lett tilgjengelege og ikkje krev medlemskap eller påmelding på førehand
- Tilby eit breitt spekter av aktivitetar som appellerer til ulike interesser, som sport, kunst, musikk, teknologi og spel
- Vidareutvikle møteplassar der seniorar kan lære å bruke digital teknologi
- Samarbeid med andre tenester som skule, barnehage, helse og omsorg, samt frivillige, lag og organisasjonar

Gode møteplassar er viktig for å fremje trivsel, sosialt samvær og inkludering. Ulike typar møteplassar kan bidra til at fleire finn eit fellesskap å høyre til, noko som igjen kan redusere einsemd og fremje innaforskap.

Rapportar viser at det er aukande sosial ulikskap i samfunnet, og det vil vere viktig å legge til rette for lågterskeltilbod og støtteordningar som til dømes fritidskasse.

Medverke til å synleggjere det positive som skjer i kommunen.

Strategiske grep

Vi utviklar gode skysstilbod/transportløysingar

Vi skal

- Kartlegge bruk av kommunen sine eksisterande bilar for å utnytte kapasiteten inn mot aktuelle skysstilbod
- Kartlegge moglege samarbeidspartar, finansiering, suksesshistorier frå andre kommunar
- Arbeide for å få til skysstilbod for grupper som ikkje kjem seg til aktivitetar på eiga hand
- Tilpasse arrangement i kommunal regi til offentleg transport, som ferje og buss

Bygdene i Fjord ligg spreidd og er delt av fjell og fjord. Avstandane skaper utfordringar for å møtast på ein lettvinnt måte. Behov for skyss vert trekt fram i mange samanhengar og for ulike aldersgrupper. Det er spesielt barn og unge og eldre som etterlyser betre kommunikasjon mellom bygdene for å kunne delta på arrangement og aktivitetar, men alle aldersgrupper treng å møtast. Slik kan saman vi skape gode og trygge lokalsamfunn der kjennskap og vennskap står sterkt og det ikkje er "konkurranse" mellom bygdelaga.

Dei kommunale tenestene som oppvekst og helse treng også betre og meir effektive transportløysingar. Med betre tilgang til transport kan vi både vidareutvikle eksisterande tiltak og etablere nye tilbod og aktivitetar.

Det er eit mål å arbeide for eit godt utbygd og på sikt sjølvfinansierande skysstilbod.